SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/19	Formannskapet	PS	16.05.2019
030/19	Kommunestyret	PS	23.05.2019

Saksbehandlar		ArkivsakID
Janne Sund		14/4039

Årsrekneskap 2018

Vedlegg :
Årsrekneskap 20182019 04 24 Særutskrift - Lindås kontrollutval - uttale til årsrekneskap og revisjonsmelding

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2018

.....

Formannskapet - 038/19

FO - behandling:
Økonomisjef Janne Sund orienterte.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2018

.....

Kommunestyret - 030/19

KO - behandling:
Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte.
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2018

.....

Saksopplysningar:
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Etter kommunelova § 48, første punkt skal kommune for kvart år arbeida ut årsrekneskap og årsmelding. Årsrekneskapen skal omfatta alle økonomiske midlar som vert disponert i året, og korleis dei er brukt. Alle kjente utgifter og inntekter i året skal takast med i rekneskapen, anten dei er betalt eller ikkje når rekneskapen vert avslutta.

Lindås kommune kom ut med eit samla meirforbruk på 6 227 709 kr i 2018 før strykningar etter § 9 i Forskrift om årsregnskap og årsberetning vart gjennomført.

§ 9. Årsavslutningen
Dersom driftsregnskapet ved regnskapsavslutningen viser seg å gi et regnskapsmessig merforbruk, skal dette reduseres ved å:

1. Stryke eventuelle budsjetterte overføringer fra driftsregnskapet til finansiering av utgifter i årets investeringsregnskap vedtatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.
2. Stryke eventuelle avsetninger til fond når disse har vært forutsatt finansiert av årets eller tidligere års løpende inntekter eller innbetalinger.
3. Stryke budsjettert inndekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk når dette har vært forutsatt finansiert av årets eller tidligere års løpende inntekter eller innbetalinger.

Rekneskapen var i balanse når 6 227 709 kr av dei budsjetterte overføringane frå drift til investering vart strøken.

.....